



**LINDÅS KOMMUNE**  
**AVDELING PSYKISK HELSE OG RUS**

**FACT Nordhordland**

**Referat frå styringsgruppemøte 22.03.19**

Tilstades: Hjørdis Dale- brukerrepresentant, Frøydis Gullbrå- repr.fagråd fastlege, Leni Dale- Lindås kommune, Helga Irene Ellingsen- Masfjorden kommune, Helge Kvam- Meland kommune, Monica Kvamme- Austrheim kommune, Ingebjørg Søreide- Gulen kommune, Ove Sæbø- Modalen kommune, Heinz Diehl – Fedje kommune, Anne Hildegunn Færøy- NUI, Bjarte Skrede – Helse Bergen ,( Nina Kvamme- Osterøy kommune).

Teamleiar FACT Nordhordland Rune Sælen og Grethe Korsøen- Lindås kommune

Til stades som observatør: Roar Hansen - stipendiat, Senter for omsorgsforskning Vest, Høgskulen på Vestlandet

**Forfall:**

Fredrik Hiis- Berg, Helse Bergen, Grete Herøy- Radøy kommune

Agenda for møtet:

1. Godkjenning av referat frå styringsgruppemøtet 07.09.18
2. Status frå prosjektplan / framdriftsplan
3. Økonomi/fordeling av ressursar
4. Samarbeidsavtalar
5. Eventuelt

**Sak 1: Godkjenning av referat frå styringsgruppemøtet 07.09.18**

Ingen merknader til referatet. Godkjend.

**Sak 2: Status frå prosjektplan/framdriftsplan**

Gjennomgang ved Grethe Korsøen jfr vedlagt pp-presentasjon.

Oppstart: Teamet starta opp 01.03.19 etter plan i prosjektmandatet. Teamet er no i ein oppstartfase.

Organisering: Arbeidsgruppe har tilrådd fylgjande organisering , med prøvedtid på 1 år:  
Etablera kjerneteam ( kommunale og statlege ressursar) som saman med psykoseteamet utgjer FACT Nordhordland.

**Tema som vart diskutert i møtet:**

tema	Innspel frå styringsgruppa
Henvising til teamet	Utfordring knytt til omfattande henvisingar vart løfta, viktig at det er ein dialog rundt desse , samt vurderingar for inntak i teamet.
eigenbetaling	Det vart stilt spørsmål ved om det er nødvendig med eigenbetaling i prosjektperioden, for eit team med samtidige tenester. For spesialisthelsetenesta er reglane for eigenbetaling i FACT dei same som for annan poliklinisk spesialisthelseteneste, med unntak for enkelte grupper.

	Erfaring / statistikk over litt tid vil gje oss kunnskap om korleis fordeling eigenbetaling -unntak for eigenbetaling vil bli for brukar grupper.
Kommunale vedtak	Prosjektet må henta inn erfaring frå korleis andre team løyser dette. Avventer avgjerd om kommunale vedtak til hausten -19.
målgruppe	I målgruppediskusjonen understrekar kommunane at ein må unngå spissing av tilbodet, at ein ikkje spissar mot psykosegruppa. Andre grupper med store funksjonstap er viktig å ivareta, og det må sikrast gode rutiner for dette. Det er ei klar forventning om at ein må oppleve hjelp frå teamet til ulike brukargrupper i prosjektperioden. At teamet har ein fleksibilitet og er ambulant ut i kommunane.
Informasjon til samarbeidspartar og innbyggjarar	Viktig at det kjem ut kortfatta og skrifteleg informasjon om FACT teamet slik at brukarar, pårørande og samarbeidsparter finn dette. Bruke heimesider, lokalaviser , brosjyrer mm Det må også lagast tidsplan for møtepunkt med dei ulike kommunane.
Dokumentasjon, statistikk	Dokumentasjon / statistikk av teamet sitt arbeid er nødvendig. Her er det også krav til rapportering i FACT-modellen ( Fidelity skala)
Organisering	Klar forventning om at vi bruker denne muligheten til å tenka nytt og oppretta fleksible, ambulante tenester, også i kommunane som ligg lengst frå Knarvik. Forståing for at teamet treng tid til å etablera seg, men understreker at rom for fleksibilitet må skapast og oppretthaldast. Samarbeid med andre kommunale tenester må sikrast. Geografi gjev klare utfordringar, her må ein også sjå på mogelege elektroniske løysingar i samarbeidet .

### **Sak 3 Økonomi / fordeling av ressursar og sak 4 : samarbeidsavtaler**

Desse sakene vart slått saman.

Samarbeidsavtale mellom kommunane var send ut saman med møteinkallinga

Det var enighet knytt til innhald i samarbeidsavtale og fordelingsnøkkel for økonomiske ressursar.  
Lindås kommune sender krav ved forfall 1.juli og avrekning ved årets slutt.

Samarbeidsavtale mellom Helse Bergen Bjørgvin DPS og Lindås kommune (økonomi) vert også inngått. Helse Bergen – Bjørgvin DPS sender rekneskapsoversikt til Lindås kommune over brukte midlar pr 1. juni og 1. desember. Avrekning ved årets slutt

Sak 5: Eventuelt  
Ingen saker.

02.05.19

Grethe Korsøen  
prosjektleiar